
Fra: Tor Hegle [mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no]

Sendt: 16. oktober 2012 10:50

Til: Postmottak KRD

Kopi: Elisabeth Kynbråten; kjersti.larsstuen@kommunalteknikk.no

Emne: Høyring Om endring til SAK10 § 9.

Hei.

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut forslag til endringar og justeringar i forskrifter til plan- og bygningsloven (byggesaksforskrifta og byggteknisk forskrift) på høyring. Høringsfrist var 28. september 2012. Til postmottak@krd.dep.no, Denne tilbakemeldinga vert dessverre sendt etter at fristen er gått ut. Håper det likevel er muleg å bli høyrte.

Om endring til SAK10 § 9-1. Godkjenning, Nytt femte ledd andre punktum og sjette ledd.

Plikt til gjenbruk av dokument.

Forskriftsendringa legg vekt på kommunens gjenbruk av dokumenter og at –

”...skal kommunene være forpliktet til å gjenbruke tidligere mottatt informasjon slik at foretak kun trenger å henvise til tidligere saksnummer i kommunen når de søker lokal godkjenning”.

Søknad om lokal ansvarsrett har lenge vist til (gjenbrukt) tidlegare søknadsdokumentasjon, noko som er sikra i søknadsskjema. Dette er ikkje noko nytt og har lenge gått greitt i noverande saksbehandling. I nokre tilfelle endrar føretaket karakter, eller at oppgåva dei skal utføre endrar seg i forhold til det vanlege. I slike tilhøve må kommunen finne ut om føretaket er tilpassa tiltaket ved at kommunen i dag krev framlagt dokumentasjon.

Diskusjon om det er naudsynt å legge fram ansvarsrettsdokument eller ikkje vil like fullt vere til stade sjølv om forskrifta vert endra.

Det ser ut til at endringa blir bare meir ”juss-mat”, noko vi har rikelig nok av frå før. Eg kan ikkje sjå at det er naudsynt å endre lova på dette punktet.

Om ”kommunen ikke kan ta saksbehandlingsgebyr for behandling om lokal godkjenning for ansvarsrett”

Departementet har i sin kommentar ikkje vist kva arbeidsoppgåver, - i vurderinga av søknad om lokal ansvarsrett, som blir færre og derfor ikkje skal gebyrbeleggast. Eg reknar med at Departementet ikkje har meint at kommunane ikkje skal gjere nokon vurdering (?). Forskrifta legg jo til grunn at kommunen skal vurdere (siste setning i endringsteksta).

Mange byggesakskontor har gjennomtrekk av byggesaksbehandlarar. Det er ikkje alltid like populært å jobbe i frontlinja i kommunen. For nye byggesaksbehandlarar som ikkje er kjent med føretaket vil det bety ganske mye meirarbeid å spore tilbake i gamle byggesaker for å finne om føretaket er tilpassa tiltaket. Dette er ikkje ei lett oppgåve.

På bakgrunn av dette stiller eg meg undrande om at kommunen ikkje skal kunne ta gebyr for vurdering av ansvarsrett.

Om ”lett gjenfinnbare dokumenter”.

Departementet har, under avsnittet ”vurdering av administrative og økonomiske konsekvenser av forslaget” føresett at kommunen har ”saksbehandlingssystem som kan ivareta innsendte dokumenter og at disse er lett gjenfinnbare”.

Kommunane har saksbehandlingssystem som kan ivareta innsendte dokumenter, men sakssystema er ikkje slik at dei aktuelle dokumenta er lett ”gjenfinnbare” (lette å spore).

Det er ikkje alle kommunar som opererer med eit føretaksregister. Lokalgodkjenningane blir berre referert til førre byggesak (som igjen er referert til byggesaken før det igjen). Lenka bakover i tid er tungvinn å følgje via sakssystemet da ein heile tida må inn i dei fysiske dokumenta. Kontorstøttesystema har ingen faner for registrering/kopling mellom ansvarsrettar og byggesaker.

Mvh
Tor Hegle, Einingsleiar
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune

Slutt på sending. Vurdér verknaden for miljøet før du skriv ut e-posten. Sendinga er meint for den rette adressat. Den kan ha innhald som er konfidensielt eller er privilegert. Er den motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@lindas.kommune.no. Postadr.: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadr.: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. (+47 56375642. 7Mob.:+47 95968182. <http://www.lindas.kommune.no>

2